

# Styresak

---

Går til: Styremedlemmer  
Føretak: Helse Førde HF  
Dato: 30.08.2017  
Sakhandsamar: **Halfdan Brandtzæg**  
Saka gjeld: **Rapportering frå verksemda per juli 2017**

**Arkivsak**  
2017/457  
**Styresak 065/2017**

**Styremøte 12.09.2017**

---

## Framlegg til vedtak

Rapportering frå verksemda per juli 2017 vert teken til vitande.

## FAG

### Ventetid for ventande ved periodeslutt


Gjennomsnittleg ventetid for dei ventande, auke til 53 dagar i juli (40 dagar i juni).

### Tal på ventande ved periodeslutt

Samla tal ventande pasientar har minka til 4643 i juli (4779 i juni).

### Ventetid for starta behandling

Nedgang til 46 dagar i juli (53 dagar i juni). 1381 fekk starta behandling i juli (2167 i juni).



### Fristbrot samla (ventande/starta behandling)

For juni blei det registrert 22 nye fristbrot, svarande til 1 prosent. Ved utgangen av august er det registrert ein auke til 31 nye fristbrot i juli, svarande til 2 prosent.

### Direkte timetildeling

Stabilt på 89 prosent for første time og 64 prosent for oppfølgingstimar.

	jun.15	2015	2016	2017 hittil	jul.17
HELSE BERGEN HF	69 %	71 %	85 %	82 %	82 %
HELSE FONNA HF	72 %	75 %	86 %	85 %	85 %
HELSE STAVANGER HF	66 %	75 %	90 %	88 %	86 %
HELSE FØRDE HF	63 %	69 %	93 %	91 %	89 %
KIRURGISK KLINIKK (100315)	67 %	70 %	92 %	94 %	91 %
MEDISINSK KLINIKK (105240)	55 %	67 %	96 %	90 %	89 %
PSYKISK HELSEVERN	72 %	66 %	73 %	70 %	67 %

### Andel ikkje møtt

Liten nedgang til 2,59 prosent.

### Epikrisetider i juli

Epikrisetider 7 dagar: somatisk del 93 prosent (95 prosent i juni), psykisk helsevern 100 prosent (94 prosent i juni), samla 94 prosent. Epikrisetider 1 dag: somatisk 74 prosent (78 prosent i juni), psykisk helsevern 59 prosent (37 prosent i juni), samla 73 prosent.

### Korridorpatientar

I juli var det tre korridorpatientar (medisinsk sengepost). I juni tolv korridorpatientar.

### Utskrivingsklare pasientar

35 døgn i juni (7 Eid, 28 Vågsøy), svarande til 161 770 kroner.

### Stryking av planlagde operasjonar

I juni var det planlagt 444 operasjonar, med 21 strykningar (4,7 prosent). I juli var det planlagt 110 operasjonar, med 4 strykningar (3,6 prosent).

## AKTIVITET

### Somatikk

Somatikk	Perioden					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
DRG-poeng pasientar tilhøyrande eigen region, (A)	1 574	1 579	(5)	1 605	(31)	14 805	14 861	(56)	14 604	201
DRG-poeng pasientar tilhøyrande andre regionar - fakturering av gjestepasientar, (B)	43	34	9	38	5	296	262	34	315	(19)
SUM DRG poeng produsert i HF (A+B)	1 617	1 613	4	1 643	(26)	15 101	15 123	(22)	14 919	182
DRG-poeng pasientar beh andre regionar	142	173	(31)	130	12	1 016	1 211	(195)	1 186	(170)
Sum drg-poeng eigne pasientar	1 716	1 752	(36)	1 735	(19)	15 821	16 072	(251)	15 790	31
Herav DRG-poeng poliklinikk (inkl. i A)	247	224	23	215	32	2 574	2 382	192	2 435	139
Tal dagkirurgi/dagbehandling	724	723	1	728	(4)	6 713	6 721	(8)	6 752	(39)
Tal sjukehusopphald	1 326	1 306	20	1 395	(69)	10 766	10 829	(63)	10 576	190
Tal polikliniske konsultasjonar	6 386	5 771	615	6 080	306	71 507	70 283	1 224	73 428	(1 921)

### Perioden

Aktiviteten i perioden var 2,8 prosent høgare enn førre året, målt i tal behandla/undersøkte pasientar. Samla DRG-produksjon i føretaket i perioden er 1,6 prosent lågare enn året før. Tal dagbehandlingar var om lag som planlagt. I juli låg den polikliniske aktiviteten 10,7 prosent over budsjett. Døgnopphald var 1,5 prosent høgare enn budsjett, men 5,0 prosent lågare enn førre år.

### Til no i år

Akkumulert ligg aktiviteten 22 DRG-poeng etter budsjettet (-0,1 prosent). Vi ligg 1,2 prosent før fjorårsproduksjonen målt i tal DRG-poeng (182 poeng), men har ein nedgang på 2,0 prosent frå førre året målt i tal pasientar. Dagkirurgi/dagopphald har ein reduksjon på 0,6 prosent mot fjoråret (39 pasientar). Poliklinisk aktivitet er 2,6 prosent lågare enn fjoråret (1921 konsultasjonar). Vi har 190 fleire heildøgnsopphald enn i fjor (1,8 prosent).

## Psykisk helsevern

Psykisk helsevern	Denne periode					Til no i år				
	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor	Faktisk	Plan	Avvik frå plan	I fjor	Avvik frå i fjor
<b>Psykisk helsevern vaksne</b>										
Tal heildøgnsopphald	1 333	1 390	-57	1 532	-199	10 640	10 497	143	11 134	-494
Tal utskrivne pasientar	74	91	-17	89	-15	617	636	-19	689	-72
Poliklinisk dagbehandling	33	14	19	17	16	264	170	94	200	64
Polikliniske kons. m/refusjon	1 256	1 108	148	994	262	15 833	13 328	2 505	13 956	1 877
<b>Rus</b>										
Tal heildøgnsopphald	444	601	-157	708	-264	3 816	4 538	-722	4 498	-682
Tal utskrivne pasientar	11	15	-4	16	-5	126	106	20	117	9
Polikliniske kons. m/refusjon	126	160	-34	108	18	1 663	1 928	-265	1 848	-185
<b>Psykisk helsevern barn og unge</b>										
Tal heildøgnsopphald UPH	34	72	-38	19	15	724	727	-3	572	152
Tal utskrivne pasientar UPH	4	8	-4	5	-1	56	58	-2	56	0
Polikliniske kons. m/refusjon	384	552	-168	409	-25	9 881	10 704	-823	10 148	-267

### Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

God aktivitet innanfor psykisk helsevern i perioden. Aktiviteten i døgnsesjonane er om lag på nivå med budsjett, medan poliklinikkane har vesentleg fleire konsultasjonar enn både budsjett og fjoråret. Beleggsprosenten på dei distriktpspsykiatriske sentera er 72 prosent i snitt. Akuttposten hadde 49 prosent belegg i perioden.

Innanfor rus er aktiviteten lågare enn plan i perioden. Gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 55 prosent i perioden.


Akkumulert er aktiviteten høgare enn fjoråret innan PHV, men litt lågare innan TSB.

### Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten er litt lågare enn plan for perioden, både på UPH og ved poliklinikkane. 18 prosent belegg på UPH i perioden.

Akkumulert er aktiviteten på nivå med fjoråret.

Tabellen under syner belegget i klinikkene i sjukehuset i juli og dei siste tolv månadene.



Samla ligg beleggsprosenten på 59 prosent. Pasientar på pasienthotellet fell ut av statistikken på grunn av at det i pasientjournalssystemet ikkje er definert sengekapasitet der. Nyføddavdelinga fell også ut då denne avdelinga ikkje har pasientar (vi tel berre mødrene). Sengepostane registrer i liten grad postoverflytting når dei flyttar pasient over på pasienthotellet (mellom 10 og 15 prosent). Det gjev høgare beleggsprosent på sengepostane enn det reelle belegget. Det er og viktig å understreke at tala ikkje seier noko om bemanninga.

## ØKONOMI

Helse Førde	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett	Rekneskap	Budsjett	Avvik budsjett
Basisramme	172 132	172 012	121	1 022 352	1 021 506	846
Inntekter pasientbehandling	39 830	40 633	-803	378 670	384 957	-6 288
Øyremerka tilskot	2 421	2 355	66	15 717	16 486	-769
Andre driftsinntekter / Eigenandelar	9 022	12 795	-3 773	83 945	91 748	-7 802
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>223 406</b>	<b>227 795</b>	<b>-4 390</b>	<b>1 500 684</b>	<b>1 514 698</b>	<b>-14 013</b>
Kjøp helsetenester	12 975	10 890	2 085	81 423	76 228	5 195
Varekostnad	18 494	16 286	2 207	146 009	136 929	9 080
Innleige personell	4 625	2 598	2 027	18 941	14 151	4 789
Personalkostnader	145 113	144 640	473	830 971	835 482	-4 512
Pensjonskostnad	22 443	11 775	10 668	152 527	151 726	801
Ordinære avskrivningar	5 951	6 583	-632	41 657	43 081	-1 424
Andre driftskostnader	28 417	33 449	-5 032	237 760	246 236	-8 476
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>238 018</b>	<b>226 221</b>	<b>11 797</b>	<b>1 509 288</b>	<b>1 503 834</b>	<b>5 454</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-14 613</b>	<b>1 574</b>	<b>-16 186</b>	<b>-8 603</b>	<b>10 864</b>	<b>-19 467</b>
Finansinntekter	169	117	52	753	817	-64
Finanskostnader	462	427	35	1 112	2 912	-1 800
<b>Finansresultat</b>	<b>-293</b>	<b>-310</b>	<b>17</b>	<b>-359</b>	<b>-2 095</b>	<b>1 736</b>
<b>Ordinært resultat</b>	<b>-14 906</b>	<b>1 263</b>	<b>-16 169</b>	<b>-8 962</b>	<b>8 769</b>	<b>-17 731</b>
Korrigering pensjonskostnader	10 713	0	10 713	0	0	-0
<b>Korrigert resultat</b>	<b>-4 193</b>	<b>1 263</b>	<b>-5 456</b>	<b>-8 962</b>	<b>8 769</b>	<b>-17 731</b>

### Perioden

Resultatet i perioden er negativt med 4,2 mill. Budsjettavviket er negativt med 5,5 mill. kroner.

Det er lågare inntektsføring av prosjektmiddel enn venta. Det er lågare netto kostnader til pasientreiser. Dette gjev utslag både i lågare inntekter og lågare andre driftskostnader.

Drifta i somatikken viser negative avvik mot budsjett. Totalt er drifta 8,0 mill. kroner svakere enn budsjettet i juli.

Kjøp av helstenester og varekjøp ligg begge vel 2 mill. kroner over budsjett. Samla er det 4,3 mill kroner.

Innleige arbeidskraft har kosta oss 2 mill. meir enn budsjettert, medan personalkostnader ligg litt over budsjett med 0,5 mill kroner.

### Akkumulert

Akkumulert resultat er negativt med 9,0 mill. kroner. Budsjettavviket er negativt med 17,7 mill. kroner. Inntektssvikten er på 9,6 mill. kroner. Det har vore lågare ISF-inntekter enn venta. Særleg har vi svikt i inntekter frå H-reseptar. Noko av dette skuldast at medikament til behandling av hepatitt C blei godkjent så seint at dei ikkje er tatt inn i DRG-systemet. Når det gjeld inntekter frå poliklinisk aktivitet innan psykisk helsevern og tverrfagleg spesialisert rusbehandling, er inntektene så langt lågare enn budsjett. Vi er framleis usikre på om budsjettet på området er sett for høgt.

Vi har og lågare eigenbetaling frå pasientar enn venta. Dette skuldast lågare kostnader til pasientreiser enn budsjettert, og dermed også lågare eigenbetaling frå pasientane.

På kostnadssida er det høgare kostnader til medikament. Det er og høgare kostnader til labrekvisita, behandlingshjelpemiddel, fritt behandlingsval og innleige av personell, medan vi har lågare kostnader til løn. Det har og vore lågare kostnader til pasienttransport enn venta.

Finansposter er 1,7 mill. kroner betre enn budsjettet. Låg rente og seinare opptak av lån, forklarar resultatet.

### Likviditet


Føretaket har ei disponibel trekkramme på driftskreditten med 300 mill. kroner. Per 1. august hadde Helse Førde trekt 18,2 mill. kroner.

### Prognose

Helse Førde si prognose viste 0 i juni, som var 15 millionar svakare enn budsjettet. Det er framleis uvisse knytt til venta årsresultat, men med eit akkumulert negativt resultat på 9,0 mill. kr. vil det vere vanskeleg å nå målet om prognose 0. Helse Førde har framskunda tidspunkt for prognose 2, og ytterlegare intensivert arbeidet med eksisterande tiltak samt finne nye tiltak som kan forbetre årets resultat. Leiinga har gitt organisasjonen klare føringar på at dette er noko av det viktigaste arbeidet framover.


## MEDARBEIDARAR

### Sjukefråvær



Samla var sjukefråværet i juni 5,4 prosent mot 6,1 prosent førre år.

## Månadsverk




Brutto månadsverk i juli var 2483. Dette er 13 færre enn rapportert for same periode i fjor. Netto månadsverk i juli var 2068. Dette er 18 flere enn rapportert for same periode i fjor.

Brutto månadsverk er summen av alle månadsverk som Helse Førde betaler løn for (inklusive betalte permisjonar).  
Netto månadsverk er brutto månadsverk minus betalte permisjonar og ferie-/sjukevikarar.

## Uønska hendinger melde i avvikssystemet Synergi

Tabellen under viser tal melde saker i Synergi, sortert etter sakstype:  
Diagrammet viser melde saker i perioden 01.01.17 – 30.06.17:



### Pasientrelaterte saker:

I juni var det meldt fleire saker som handla om at pasientane fall, medan dei var innlagt i avdelingar. Ei anna sak handla om at ein pasient fekk feil behandling, noko som førte til at pasienten måtte overvakast

i eitt døgn i etterkant. Ein pasient blei ikkje observert godt nok i ein sengepost, det førte til at pasienten ikkje fekk den helsehjelpa han skulle hatt.

#### **HMS-saker:**

HMS-saker er tilfelle der det har vore helse-, miljø- eller sikkerheitsbrot som gjev fare for, eller har medført skade for, tilsett. Denne månaden blei det meldt om at tilsette er blitt skada ved at pasientar har slått, klora og knust briller. Ein annan tilsett har fått drapstrussel. Helse Førde har system for å følgje opp dette. I eit arbeidsrom blei det observert sterk lukt av løysemiddel. Det forsvann då dei lufta godt ut.

#### **IKT/informasjonsikkerheitssaker:**

Kan gjelde brot på personopplysningslova og handtering av sensitive opplysningar, anten ved manglar knytt til IKT-system, aktuelle rutinar eller etterleving av desse. Denne perioden er det meldt om saker der identiteten til pasientane er blitt forveksla, slik at opplysningar har kome inn i feil journal. Ein tilsett bad om hjelp til å logge seg inn i journalen med ein kollega sitt passord, noko som blei avvist.

#### **Driftssaker:**

Driftssaker gjeld hendingar knytt til driftsoppgåver for alle fagområde (administrativ/klinisk). Sist periode er det meldt ei sak om at ein dagpasient skulle komme med bussen, men bussen vart forseinka slik at heile operasjonsprogrammet måtte forskyvast. Blodprøver frå eit legekantor måtte kasserast då sendinga tok for lang tid i posten.

#### **Frekvente hendingar:**

Jamlege hendingar vert nytta for meir detaljert oppfølging og særskilt i dei diagnostiske avdelingane i Helse Førde. Denne perioden er det meldt om at eit blodprodukt ikkje hadde nok tal celler, og skal brukast berre om det ikkje er anna blod på lager.

#### **Forbetringsområde:**

Forbetringsområde er forslag til forbetring, utan at det ligg føre avvik. (Nokre av desse sakene er feilregistrerte, og inneheld eigentlege avvik). Denne månaden kom det melding om at ein plasthagestol kollapsa under bruk, og ein tilsett fall og skada seg. Nøklar til ein ambulanse på ei øy var plassert langt frå bilen, slik at pasienttransporten blei forseinka. Sjukehuset har fått nye operasjonsbord, men det har vore problem med batterikapasiteten.

#### **Klager/NPS (Samhandlingssaker):**

Samhandlingssaker er saker som vedkjem samhandling mellom føretaket og kommunane. Sist månad var det meldt fleire saker frå det same legekantoret om at det ofte er manglar på rekvisisjonar som sjukehuset sender til legekantora for oppfølging. Det manglar namn, fødselsdato osb. Ein pasient blei send heim til omsorgsbustad og hadde trong for oksygenbehandling. Dette var ikkje formidla til kommunen, og omsorgsbustadane har ikkje slikt utstyr. Dette førte til ekstra arbeid for kommunen.